

Forstandar Geir Gundersen:

Diakoni etter Jesus-modellen kan øvast ved å stilla det enkle spørsmålet:

Kva vil du at eg skal gjera for deg?

- Dersom noko tvingar, er det Kristi kjærleik. Motivasjonen til diakoni er djupast sett ikkje nøden, men Kristi kjærleik. Vi er plasserte inn i ein kjærleiksstraum. Ein straum av kjærleik og godheit som går frå Faderen gjennom Sonen og Den heilage ande. Kvar for oss er vi ein dråpe i denne elva av Guds kjærleiksvesen og skapar-kraft. Ei elv som breier sine armar ut over den plaga jorda, martra som den er av lidning.

Slik forstår forstander Geir Gundersen den djupe motivasjonen for diakoni. Med det som utgangspunkt, vert Diakonhjemmet og diakonien noko meir enn ein rasjonell måte å syta for hjelp til menneske i naud på.

Av Leif Kjell Askeland

Han har fortid som kyrkjeleg opprørar frå venstresida, res. kap. i Tromsdalen og bibelmisjonær. Framleis kan du møta han i kyrkjer og forsamlingshus som eit av medlemmene i Freedom Quartett. Til neste år rundar han ni år som forstandar ved Diakonhjemmet. Den øverste samlande leiarsfunksjonen. Ein åndeleg leiarskap som òg skal halda stiftelsane på Steinerud saman til ein organisasjon. Til dagleg utøver han leiarskapet i kontakt med sjukehusdirektør, direktør for internasjonalt senter og høgskulerektor, og som styreformann for dei same stiftelsane. Institusjonar som kvar for seg har vokse og gjenomgått ei sterk fagleg utvikling. Men veksten har ikkje skjedd utan at noko er prioritert bort. Bygget som i 1992 ga tiltrengt husvære til det nyetablerte høgskulesenteret, var berre mogeleg å reisa fordi Stefanhotellet vart seld.

- Tida frå midten av åttitalet til i dag har og vore ei tid der kyrkja sjølv i større grad har teke ansvar for diakonien?

- Eg ser for meg at det skjer noko i kyrkja sin kropp. Aktivitetane er i ferd med å siga ned frå hovudet til dei djupare regionane der


tru og liv vert fødd. Og så i beina og ut til lemmene som handlar, seier Geir Gundersen.

- Når dette skjer, heng det saman med ein tilsvarende prosess i den kulturen vi er ein del av. Vi lever i eit samfunn der mennesket sine djupare behov gjer seg stadig meir gjeldane. Ein kultur prega av lengt og ei søking eg oppfattar som veldig sterk.

- Vagar vi å sjå kyrkje og samfunn frå dette perspektivet, vil vi også kjenne og erfare at dette er ei rik tid å være kyrkje i.

- I den same perioden har Diakonhjemmet og dei diakonale institusjonane svara med ei stendig sterkare profesjonalisering?

- Profesjonaliseringa har vore, og er meningsfull. Også her fylgjer vi det som er ein trend i kulturen. På den eine sida fortset den profesjonaliseringa, spesialiseringa og den skarpare arbeidsdelinga som er naudsynt for å betjena eit komplekst samfunn. Men profesjonskulturen bit seg sjølv i halen. Den er driven så langt at behovet for heilskap og samanheng velter opp. Det reiser krav som må møtast innanfor profesjonane, seier Geir Gundersen og viser mellom anna til arbeidet



Forstandar Geir Gundersen

til Torborg Aalen Leenderts (jfr boka vi presenterte i «Hilsen» nr 3/95).

- Boka er uttrykk for fagleg medvit og sjølvrefleksjon. Den vender seg til den profesjonelle hjelparen både for å vise til den næring han treng for å halda seg sjølv i hop, og for å kunna møte brukarane som menneske, ikkje berre som kategoriar av trengande. Det mest håpefulle i dette er at sjølvrefleksjonen kjem innanfrå, frå profesjonane sjølve.

Om ein spør om kva som er viktigast av profesjonalitet og medmenneskelighet, vert det i følgje Gundersen meir og meir klart at problemstillinga er falsk:

- Den profesjonaliteten som ikkje inkluderer den medmenneskelege dimensjonen er ikkje profesjonell nok. Vert tru, håp og kjærleik halde utanfor det profesjonelle rom, er det ikkje lenger ein gyldig profesjonalitet.

- Vi er prega av den samme trenden ved vårt eige sjukehus. Det er nå eit meir målmedvete arbeid med dette enn for ti år sidan. Dette er synleg både i den konkrete aktiviteten og i mentaliteten.

(Forts. n. side)

(Frå s 11)

- Men det som i diakonhjemskulturen var tru, kall og teneste, er ikkje det erstatta av ein diakoni som først og fremst er fag, eller rettare ein spesiell form for tverrfaglighet?

- Samanbrotet i den diakonale retorikken som var nedarva ved institusjonen, ser eg på som nødvendig. Det var ein språkbruk som var i ferd med å mista kontakten med det verkelege livet. Det nye politiske og samfunnsetiske språket sprengte dette frå kvarandre slik eit meir kritisk språk og gjorde det i samfunnet elles. I etterkrigstida skulle vi stå saman og «byggja landet». Etterkvart vart det for stor spenning mellom dette positive språket og den røyndommen folk levde i. Vi får berre gle oss over at Diakonhjemmet var så oppe at denne prosessen, og dei ekte utfordringane som følgde av den, vart ein del av det indre liv i institusjonen, seier Gundersen og meiner vi nå står overfor eit liknande skifte i språk og oppfatning.

- Igjen vågar vi å bruka dei store orda om livet, som kyrkja sitt språk er ein del av. No melder dei eksistensielle spørsmåla seg språket. Som rop etter meining og samanheng i tilværet.

- Auka vekt på det tverrfaglege er ein positiv del av dette. Her er ein parallell mellom det som skjer i møtet mellom ulike fag, og det som skjer i vår søking på det eksistensielle plan. Det fins ein røyndom, eller kunnskap om du vil, som vi berre får tak i når vi opnar oss for kvarandre. Denne omformingsprosessen kan vera like smertefull og motsetningsfull som då det politiske og sosialetiske engasjementet sprengte seg inn i den diakonale idyllen.

- Då må gamle slagord leggjast til side?

- Ja, nettopp. Vi vert utfordra til å la kjepphestane fare og opne oss for det som skjer i røyndommen i dag, hevdar Geir Gundersen og seier seg glad for at Diakonhjemmet framleis er ein så open institusjon at den tek opp i seg dei spørsmåla som rører seg i det samfunnet den er ein del av.

- Det fyller meg med håp som stadig vert bekrefte av dei faglege produkta, som kjem frå institusjonen. Dei viser at Diakonhjemmet ønskjer å vere på høgde med utfordringane i tida.

- Det heiter at Diakonhjemmet er ein institusjon innan Den norske kyrkja. Kva tyder det?

- For det første at Diakonhjemmet stiller seg heilt og fullt på det trusgrunnlaget som Den norske kyrkja har. Dernest skal Diakonhjemmet vera ein institusjon som står til



disposisjon for kyrkja i sitt behov for utvikling. Diakonhjemmet forstår seg sjølv som ein del av den kyrkja som treng å utvikla seg. Begge deler treng auka oppmerksomhet.

- Vi vil gje vårt bidrag til å skjerpa kyrkja sin profil gjennom å skjerpa vår eigen, seier Geir Gundersen og viser til arbeidsprogrammet for inneverande periode. Der vert Jesus løfta fram som kjelde og modell for diakonien.

- Jesusmodellen står der så utislørt og djervt som ei kritisk kraft, at mange i organisasjonen har kjent seg forlegne over å ha det som del av eit vedtekte arbeidsprogram.

- Å vere kristen er å følgje etter Jesus. Å modnast som kristen er å bli lik Han. Kva

dette tyder i praksis finst det ingen autoriserte svar på. Det beste vi kan gjere i små og store valsituasjonar, er å stille spørsmålet: Kva ville Jesus gjort nå?

- På det institusjonelle plan treng Diakonhjemmet ei større anerkjenning som kyrkjeleg institusjon. Gjerne slik at vi merkar kyrkja si glede, interesse og forventningar til Diakonhjemmet.

- Men kvar vert det då av det Diakonhjemmet som ynskte å være rabulist og ugras i kyrkja?

- Eg vil ikkje ta avstand frå biletet av eit kritisk Diakonhjem, men vi treng å utvide dette. Å tvihalda på biletet av seg sjølv som rabulist, kan vera like kvelande som servi-



- Vi vil gje vårt bidrag til å skjerna kyrkja sin profil gjennom å skjerna vår eigen, seier Geir Gundersen og viser til arbeidsprogrammet for inneverande periode. Der vert Jesus løfta fram som kjelde og modell for diakonien.

litet. Det beste bidraget frå oss til kyrkja er å sørge for best mogeleg samanheng mellom liv og lære hjå oss sjølve; at det kan stå ei god ånd frå Diakonhjemmet, seier Geir Gundersen og minner om farisearane som kom til Jesus med mange svært gode og relevante spørsmål.

- Men «Jesus merka vondskapen deira», les vi, og merkar oss kor stor vekt Jesus legg på det indre, det som bur i hjarta. «Ta vare på hjartet framfor alt du tek vare på, for livet går ut frå det». Slik står det i Salomos ordtøke. Denne visdommen gjeld både på person- og organisasjonsnivå. Diakonhjemmer vil gjere mest for kyrkja ved å ta vare på ånda i det vi gjer.

- Kva er det ved kristen tru som har forandringskraft for et sektorsjukehus, for etter- og vidareutdanning og forskning?

- Det mest sentrale spørsmålet som reiser seg ut frå den kristne tru i forhold til våre medmenneske, er spørsmålet: «Kva kan eg gjera for deg»? I kristen tru er den andre viktigare enn eg. I den andre møter eg Gud. Det er og den klassiske djupmotivasjonen for diakonien. Gud ser på oss gjennom ansiktet til kvart menneske. Spesielt utfordrande er han til stades i ansiktet til det lidande mennesket.

- Om denne trusdimensjonen vert halden levande i møtet med pasientar, studentar og kolleger imellom, vil den spreie humanitet og kvalitet heilt ut til dei mest spesialiserte

funksjonane. Misser vi dette, vert vi lett eit redskap for dei økonomiske kreftene og for reine profesjonsinteresser.

- Er diakonien i kyrkja til «berre» fordi nøden tvingar til handling?

- Dersom noko tvingar, er det Kristi kjærleik. Motivasjonen til diakoni er djupast sett ikkje nøden, men Kristi kjærleik. Vi er plasserte inn i ein kjærleiksstraum. Ein straum av kjærleik og godheit som går frå Faderen gjennom Sonen til Den heilage ande. Kvar for oss er vi ein dråpe i denne elva av Guds kjærleiksvesen og skaparkraft. Ei elv som breier sine armar ut over den plaga jorda, martra som den er av lidning.

- Eit arbeid med liv og lære i dette perspektivet ligg tett opp til det som er meininga med kyrkja i denne verda. «Sjå kor dei elsker kvarandre» var vitnemålet om den fyrste kyrkja.

- Denne vellukka skulle framleis stige opp frå kyrkja som ein kvalitet alle la merke til. Slik eg ser det, kan denne kjærleiken berre forløysast på to måtar: Ved først å ta imot sjølve, og så gi den vidare til andre.

Geir Gundersen ser det vanskelege i å «forkynna» dette frå den talarstolen han nå har som leiar av ein samansett og mangslungen institusjon med tunge, faglege oppgåver innan utdanning, sjukehusdrift og konsulentarbeid. Han er likevel glad for at dette er konteksten.

- Nettopp fordi vi lever saman i eit «hus», vert denne kjærleiksuppgåva så tydeleg. Vi treng ikkje dra nokon stad for å lære om dette. Alle relevante forhold finn vi i vårt eige hus. Berre når denne fundamentale krafta vert forløynt hjå oss, vert vi relevante for samfunnet omkring oss.

- Og her kan alle tilsette og studentar delta?

- Ja!

- Om du ser tilbake på forstandartida så langt, har du noko som framleis er ugjort, eller berre godt begynt?

- Eg har framleis ei kjensle av at det ligg eit potensiale i samhandling mellom institusjonane på Diakonhjemmet som vi berre har teke ut ein liten bit av. Eg har den tru at om vi finn dei rette oppgåvene og dei gode måtane å arbeida saman på, vil vi kunna utløysa mykje diakonal vellukt, seier forstandaren som har som si fremste oppgåve å sjå til at sjukehus, høgskulesenter og internasjonalt senter lever opp til det som er målet for heile den mangslungne verksemda på Steinerud: å fremja diakonal verksemd i kyrkje og samfunn.